



Campingplassområdet og kyrkja sett frå toppen av Julagrano.

**Fredag kl.17 er det klart for tenning av den vakre julegrana vår. Det er då julestemningen verkeleg gjer sitt inntog i Uskedalen. No er det klart for tenning, for i går, tirsdag, var pyntegjengen på plass og fekk opp lyslekkjene og pæra i toppen. Har de nokon gong tenkt på korleis bygda ser ut frå toppen av Julagrano? Her kan de få ein smakebit på det.**

Det var stødige karar som stod for pyntejobben også i år. Etter at lyslekkjene tidlegare var klargjort, var det Knut Stensletten, Lars Myklebust, Ståle Eik og Audun Eik som sytte for å få lysa på plass. Medan Knut og Ståle klatra til topps, var dei to andre bakkemannskap. Frå toppen fotograferte Ståle utsikten i ulike retningar slik at vi andre også kan få ta del i utsikten som dei to i toppen har settt så mange gonger. Ved å bla oss nedover i bileta nedanfor ser vi først mot butikken, og så går vi runden med sola. Artig og godt påkomme!

Elles er det som alltid julemusikk, julegraut, song, kaffi og kaker ved tenninga kl.17 på fredag. Børstdalsnissen kjem sjølvsagt, og det vert dans av ei dansegruppe. Koseleg vert det heilt sikkert som alltid på dette arrangementet. Medan det er musikklaget som har ansvar for sjølve tenninga, er det Damevennene som står for programmet rundt.









Tekst og nett: Thor Inge Døssland.  
Foto: Ståle Eik